

Dette manuset skal nyttast saman med PowerPoint-presentasjonen *Kom i gang med Facebook*. Punkta si nummerering svarar til PowerPoint. Punkt 1 høyrer til slide 1 (side 1) i PowerPointen, Punkt 2 til side 2 osv. Det same manuset finn du òg som notat under kvar slide.

Skrift som er **utheva** er kommentarar til kurshaldaren. Skrift med store BOKSTAVAR er overskrifter. Resten av teksten kan lesast høgt eller brukast som rettleiing for det kurshaldaren skal seie medan han/ho underviser.

Manus

- 1. Gå gjennom læringsmåla med kursdeltakarane før du startar sjølve opplæringa.**
Det gjer det lettare for dei å lære og hugse det dei har lært.
2. KVA ER FACEBOOK?
3. Facebook er ei sosialt nettverk-teneste. Det vil seie at det er eit nettsamfunn som kan nyttast til å kommunisere med andre.

For å kunne bruke Facebook må ein ha ein profil. Når ein har ein profil kan ein ta kontakt med andre, dele bilete, videoar, nyheitssaker, tankar og mykje meir med andre som har ein Facebook-profil. Somme sider på Facebook kan du òg sjå utan at du har ein eigen profil, men du kan ikkje skrive kommentarar, dele og gjere andre ting som vi skal lære om i dette kurset.

Somme bruker Facebook for å halde kontakten med gamle vener og familie. Mange fritidsgrupper, lag og foreiningar bruker Facebook for å organisere seg og sende meldingar til medlemmer, og fleire bedrifter og organisasjonar bruker Facebook til å kommunisere med kundar og brukarar.

Korleis du vil bruke Facebook, og til kva, er heilt opp til deg. Du kan velje å dele mykje, eller ingenting. Ein MÅ ikkje leggje ut bilete eller tekst på Facebook dersom ein ikkje har lyst, mange har ein profil berre for å følgje med på det som skjer. Det er heilt greitt.

Det finst òg innstillingar på Facebook som lèt deg bestemme kven du vil ha kontakt med, kven som får sjå kva du skriv og legg ut av bilete og film og kor mykje personleg informasjon andre kan lese om deg.

Dersom du ein gong bestemmer deg for at du ikkje lenger vil vere på Facebook, går det òg an å få sletta profilen sin. Vi skal snakke både om dette og om personvern og tryggleiksinnstillingar seinare.

Akkurat som med e-postkontoar kan du velje å bruke Facebook i nettlesaren din eller laste ned ein app/program dersom du har smarttelefon eller nettbrett. Begge delar fungerer like bra, og for dette kurset spelar det inga rolle kva du vel, men som oftast er det lettast å bruke appen dersom du bruker smarttelefon eller nettbrett. Stega og forklaringane vi går gjennom her gjeld uansett kva for teknisk hjelpemiddel du bruker, men somme gonger kan bileta som dukkar opp på skjermen din sjå litt annleis ut. Då er det berre å spørje dersom du blir usikker på kva du skal gjere eller kvar du skal trykkje. I dei tilfella der det er liten skilnad på det ein ser i nettlesaren eller appen, er biletet eg viser på skjermen frå ein nettlesar på ei datamaskin.

4. OPPRETT EIN PROFIL

Å opprette ein profil eller brukar på Facebook er noko du berre treng å gjere éin gong, derfor er det ikkje så farleg om du ikkje hugsar alt i denne første delen utanåt. Det som er viktig er at du følgjer instruksjonane som dukkar opp på skjermen din undervegs og at du spør dersom du lurar på noko. Ikkje ver redd dersom det du ser på skjermen din ikkje alltid er heilt likt det eg viser i denne presentasjonen. Utsjånaden til Facebook og andre tenester på nett endrar seg heile tida, men grunnelementa er dei same. Det er det som er viktig, og desse kjem du til å lære deg etter kvart som du blir ein meir erfaren brukar.

Før du går vidare må du passe på at alle kursdeltakarane har skrudd på datamaskina eller nettbrettet sitt, og har opna nettlesaren eller app-butikken.

Manus KOM I GANG MED FACEBOOK

5. For å opprette ein Facebook-profil må du først gå til www.facebook.no eller laste ned Facebook-appen frå app-butikken din (dette fungerer berre for nettbrett- og smarttelefonbrukarar).

Be alle deltakarane om å skrive inn adressa i adressefeltet og gå til sida, eller å laste ned appen.

6. Har du skrive inn rett adresse, kjem du til denne sida. Lastar du ned appen, må du finne han på telefonen din for å opne han.
7. Å opprette ein Facebook-konto treng du berre å gjere ÉIN gong. Prøv derfor å følgje trinna steg for steg, medan vi går igjennom dei. Ikkje bli fortvila om du føler at du ikkje kjem til å hugse alt. Blir du usikker, eller er det noko du ikkje får til, seier du ifrå med det same, så skal eg hjelpe deg.

Pass på at alle har kome til rett side eller har lasta ned appen.

8. Dei som bruker nettlesar, må fylle inn informasjonen det blir spurt etter under "Registrer deg."

Dei som bruker appen, trykkjer der det står "Opprett ny Facebook-konto", og følgjer trinna som kjem opp.

Vent med å gå vidare til alle har fylt ut den nødvendige informasjonen.

9. Når all informasjonen er fylt ut, trykkjer du på knappen der det står "Registrer deg".

10. Hos somme blir sida no mørk, og det dukkar opp ei lita informasjonsrute der Facebook spør om dei kan vise deg varsel. Det vil seie at det kjem eit lite "pling" eller dukkar opp ei melding på skjermen din kvar gong det har skjedd noko på Facebook-kontoen din.
11. Ønskjer du slike varsel, kan du trykkje på "Tillat". Vil du helst sleppe, trykkjer du på "Blokker". Dersom du ikkje er sikker enno på kva du ønskjer, kan du trykkje på krysset øvst i høgre hjørne og heller ta stilling til dette når du blir ein meir erfaren Facebook-brukar.

Be alle dei som har fått ei slik melding om å velje, så går du vidare til neste lysbilete.

12. Facebook tilbyr deg no å hjelpe deg med å finne venene dine ved å gå igjennom e-postkontaktane dine, men du kan òg sjølv søkje fram dei du ønskjer kontakt med.
13. Derfor hoppar vi over dette trinnet og trykkjer i staden for på "Neste"-knappen nedst til høgre.
14. Så trykkjer du på "Hopp over trinn".
15. Denne sida dukkar opp.

For å bli ferdig med registreringa må du no gå inn på e-postkontoen din.

Facebook har nemleg sendt deg ein e-post for å stadfeste at du er den du seier at du er.

E-posten blir sendt til den e-postadressa du skreiv inn i stad då du registrerte deg.

Be alle om å gå inn på e-postkontoen sin og sjå om dei har fått e-post frå Facebook.

16. **Hjelp dei som ikkje finn han sjølv å finne e-posten frå Facebook på e-postkontoen deira. Hos nokon kan det hende han har hamna i søppelposten.**

Manus KOM I GANG MED FACEBOOK

Meldinga frå Facebook bør sjå omtrent slik ut.

17. Trykk på knappen der det står "Stadfest brukarkontoen".

18. Då skal denne sida og denne meldinga dukke opp på skjermen din.

19. Trykk på OK.

20. Dersom det dukkar opp ei side som liknar på dette, tyder det at du no har fått oppretta ein Facebook-konto.

Sida ser kanskje litt tom ut samanlikna med andre Facebook-sider du har sett før, men det er fordi sida di er ny. Ho er ikkje fylt med innhald enda. Det skjer etter kvart, men før vi kjem så langt må vi snakke litt om personvern og tryggleik.

21. PERSONVERN OG TRYGGLEIK

22. På Facebook kan du sjølv velje kva du har lyst til å dele med andre, kven du vil vere vener med og kven som skal få lov til å sjå at du har ein Facebook-profil. Somme vel ein veldig open profil og deler det meste, medan andre vel ein mellomting og ønskjer berre å dele noko av innhaldet.

Ein kan ombestemme seg seinare dersom ein ønskjer å bli meir eller mindre privat.

23. Denne sida bør framleis vere oppe på skjermene deira.

24. Øvst på sida ser du Facebook si menyline. Bruker du appen kan lina vere fordelt øvst og nedst på skjermen.

Manus KOM I GANG MED FACEBOOK

25. Bruker du nettlesar ser du heilt til høgre på menylina eit bilete av ein liten hengelås med nokre strekar ved sidan av.

Trykk på dette ikonet.

Dei som bruker nettbrett har ein menyknapp som består av tre horisontale strekar ein stad på skjermen sin. Finn denne og trykk på han.

26. App-brukarar får opp ei lang liste med menyval. Scroll/rull nesten heilt ned i denne lista og finn valet "Snarvegar for personvern". Trykk på dette valet.

27. No dukkar det opp ein liten meny.

Forsikre deg om at alle ser denne.

28. Det første valet som kjem opp heiter "Kven kan sjå innhaldet mitt?" Trykk på pila som peikar nedover for å sjå meir.

29. Nå dukkar undermenyen opp. Øvst står det "Kven kan sjå dei framtidige innlegga dine?" og på knappen under står det "Vener".

30. "Vener" på Facebook tyder personar som du har sagt ja til å ha kontakt med. Anten har du søkt dei opp og spurt om å få vere vener med dei og dei har sagt ja (dette skal vi lære om seinare), eller så har dei søkt deg opp og bedt om å få bli ven med deg og du har sagt ja.

Enn så lenge har du ikkje lagt til nokon vener på Facebook, men lèt du innstillingane stå slik som dei er no, kan dei framtidige venene dine sjå bilete, kommentarar, nyheitssaker og anna som du vel å dele på Facebook.

Trykkjer du på "Vener"-knappen ser du at det kjem opp fleire val. "Offentleg" vil seie at alle

Manus KOM I GANG MED FACEBOOK

som bruker Facebook kan sjå kva du deler, og "Berre meg" vil seie at det berre er du som får sjå. For å byte til ei av desse innstillingane trykkjer du berre på den du ønskjer. Det mest vanlege er å dele med vener, men dersom du ønskjer ei anna innstilling kan du sjølvstilt velje det. Du kan òg gå tilbake seinare og endre tryggleiks- og personverninnstillingane dine dersom du ønskjer det.

31. Trykk på pila att for å lukke denne delen av menyen.

32. Neste punkt heiter "Kven kan kontakte meg?" Trykk på pila til høgre for dette punktet for å sjå menyen.

33. Her står det at alle som bruker Facebook kan spørje om å få vere ven med deg viss dei vil. Det er den vanlegaste innstillinga. Det vil ikkje seie at alle dei millionane som bruker Facebook kjem til å mase om å få vere vener med deg. Det vil berre seie at dei som søker opp namnet ditt på Facebook kan sjå at du er på Facebook, og at dei kan spørje om å bli ven med deg. Stort sett vil det vere snakk om menneske du kjenner frå før. Får du ein veneførespurnad frå nokon du ikkje ønskjer å seie ja til svarar du berre "Ignorer" når denne kjem. Den som har sendt deg veneførespurnaden får ikkje beskjed eller melding dersom du vel å ignorere førespurnaden.

Ønskjer du ikkje at alle skal kunne ta kontakt med deg er alternativet at berre venene til venene dine får lov. Det vil seie at berre de som allereie er Facebook-vener med ein du er Facebook-ven med, får lov til å sende deg førespurnader om å bli vener. Ønskjer du denne innstillinga trykkjer du på knappen der det står "Alle" og trykkjer på det andre alternativet som dukkar opp på lista.

34. Trykk på pila att for å skjule denne delen av menyen.

35. Det nedste punktet heiter "Korleis får eg nokon til å slutte å plage meg?".

Manus KOM I GANG MED FACEBOOK

Dersom du nokon gong skulle oppleve at nokon du ikkje ønskjer kontakt med plagar deg på Facebook, er det lurt å vite om dette punktet. Mest sannsynleg får du ikkje bruk for det.

Trykk på pila.

36. I dette feltet kan du skrive inn namnet eller e-postadressa til nokon som du ikkje lenger ønskjer å ha kontakt med. Det heiter å "blokke" personen. Men som sagt: mest sannsynleg treng du aldri å gjere dette.

37. Å SØKJE ETTER OG LEGGJE TIL VENER

38. Dei fleste bruker Facebook til å halde kontakt, dele bilete, nyheitssaker og andre ting med vener og kjende. For å kunne ha kontakt med nokon må du leggje dei til i venelista di.

39. For å finne venene dine på Facebook må du søkje etter dei. Dei fleste bruker sitt eige namn og eit profilbilete så dei er lette å kjenne att. Søkjefeltet finn du øvst på sida eller i appen. Det er illustrert med ei lita lupe. Trykk på søkjefeltet og begynn å skrive namnet på personen du leitar etter.

40. Facebook kjem med forslag til kven det er du leitar etter. Desse dukkar opp i ei liste under feltet du skriv i. Dersom venen din ikkje har ein brukarkonto på Facebook, kjem du ikkje til å finne dei.

Når du ser at rett person dukkar opp i lista, trykkjer du på namnet deira.

41. Då kjem du til Facebook-sida, eller "profilen" til personen. Denne profilen blir ofte kalla ein "vegg" eller ei "tidslinje". Vi skal snakke meir om kva ei tidslinje er og korleis du kan bruke ho seinare.

42. For å leggje til personen i venelista di må du trykkje på knappen "Legg til ven".

Knappen finn du ofte høgt oppe på sida. Det er bilete av ein liten person og eit plussteikn på han.

43. Då blir det sendt ein veneførespurnad til personen og dei kan velje å godta eller ignorere førespurnaden din om å vere ven på Facebook. Andre kan òg sende slike førespurnader til deg.

Du kan også alltid velje om du vil ha kontakt med nokon eller ikkje. Kvar desse veneførespurnadene dukkar opp skal vi sjå på seinare.

44. Det går òg an å søkje etter firma, føretak, institusjonar, klubbar, lag og mykje meir på Facebook. Det gjer du på same måte som når du søker etter vener. Begynn å skrive namnet på det du leitar etter i søkjefeltet.

45. Ofte kan du ikkje bli vener med institusjonar, men du kan velje å "like". Dette gjer du ved å trykkje på knappen der det står "lik dette" med bilete av ein tommelopp.

46. Det går an å like mange ulike organisasjonar og menneske. Når du likar desse, kan du sjå når dei legg ut t.d. nyheitsaker, bilete, videosnuttar og liknande. Du kan ha så mange slike kontaktar du vil på Facebook. Nokon har mange vener og "likar" mange, nokon har kanskje berre nær familie eller kollegaer.

Be alle om å finne minst éin ven, eit familiemedlem eller noko anna ved å søkje etter dei i søkjefeltet, og prøve å sende ein veneførespurnad eller like desse. Dette kan ta litt tid. Pass på at alle får den hjelpa dei treng, la dei gjerne hjelpe kvarandre. Gå gjerne gjennom denne delen av opplæringa ein gong til medan alle på kurset følgjer steg for steg. Foreslå gjerne at dei søker etter kommunen sine eigne sider, det lokale biblioteket eller liknande.

47. KVA ER EI TIDSLINE?

48. Alle personar og selskap og andre som bruker Facebook har ei tidslina. Tidslina fungerer som ein profil for den ho handlar om. Her kan ein få litt informasjon om personen eller institusjonen, og sjå ting dei ønskjer å dele med andre på Facebook. Kor mykje ein får sjå, kjem an på om ein er vener eller ikkje og kva for personvernsinnstillingar som blir brukte. Somme vel å dele mykje, andre lite.

49. Trykkjer du på namnet ditt på menylinja, får du sjå tidslina di. Dersom du ikkje hadde ein Facebook-profil frå før, er det ikkje mykje på tidslina enno, men etter kvart kan du leggje ut bilete og lenkjer til spanande lesestoff eller morosame videoar her, dersom du ønskjer det. Du kan òg leggje til meir informasjon og bilete av deg sjølv dersom du ønskjer det.

Bruker du appen må du trykkje på meny-ikonet ein gong til. Øvst i lista som dukkar opp ser du namnet ditt, trykk på det for å kome til tidslina di.

50. Dersom du går inn på tidslinene til nokon av dei du har lagt til som vener eller "likar", kan du sjå kva dei har lagt ut på tidslina si. Søk opp den du vil sjå tidslina til i søkjefeltet, og trykk på namnet deira. Scroll/rull nedover tidslina for å se meir.

51. Du kan òg skrive noko på tidslina til andre brukarar dersom du vil det. Då bruker du feltet der det står "skriv noko ...", men hugs at andre som har kontakt med personen kan sjå alt som blir skrive på tidslina. Dette er IKKJE staden å sende private meldingar. Ønskjer du å sende ein beskjed eller noko anna som berre EIN av venene dine skal sjå, må du opne ein "chat".

52. Å CHATTE MED MESSENGER

53. Ønskjer du å sende ei melding som berre éin bestemt Facebook-ven skal sjå, må du chatte med dei. Å chatte er nesten som å sende ein SMS, og du har betre kontroll over kven som får sjå det du skriv enn om du vel å skrive på tidslina deira.

For å chatte med ein ven går du inn på Facebook-tidslina deira og finn knappen der det står "Melding" og bilete av ei snakkeboble. Trykk på knappen for å starte chatten.

Dersom du bruker Facebook-appen på smarttelefon og nettbrett og ikkje har chatta før, får du beskjed om at du må laste ned ein app som heiter "Messenger". På smarttelefon og nettbrett må du ha dette programmet for å kunne chatte på Facebook.

Vent til alle som treng å laste ned Messenger har fått gjort dette før du går vidare.

54. Bruker du nettlesar blir chatten opna i ei lita rute nedst til høgre i eit eige vindauge. Bruker du appen blir chatten opna i ein annan app som heiter "Messenger". Dette skjer automatisk, og ruta dekkjer heile skjermen.

55. Chatten viser alle meldingar som går mellom deg og den du chattar med. Det du sender dukkar opp på høgre side, og det venen din skriv på venstre.

For å skrive ei melding trykkjer du på det kvite feltet nedst i chatten der det står "Skriv ei melding ...".

56. Når du har skrive det du vil seie, trykkjer du på "Enter" på tastaturet for å sende meldinga.

57. Bruker du appen trykkjer du på biletet av ei pil eller eit lite papirfly som har dukka opp ved sidan av det du har skrive.

Manus KOM I GANG MED FACEBOOK

58. Tommel-opp eller "like" er eit symbol som blir nytta mykje på Facebook, det kan tyde at du likar noko, at du er einig eller at du har oppfatta kva personen har sagt. Du kan òg bruke symbolet i chatten. Du finn det nedst til høgre.
59. Etter kvart kan du òg prøve å leggje til bilete, emojiar (smilefjes) eller dokument i chatten, men det går vi ikkje inn på i dette kurset. Prøv deg fram med ein du kjenner som kan litt om Facebook, eller øv med nokon som er her på kurset i dag.
60. Det kan òg vere lurt å vite at det går an å leggje til fleire personar i ein chat, opne ein videosamtale, bruke chatten til å ringje med meir. Utforsk desse alternativa ved å bruke symbola du ser her. Alle symbola finst òg hos dei som bruker nettbrett og smarttelefon, dei ser heilt like ut, men dei ligg litt andre stader i vindauget.
61. Å LIKE, KOMMENTERE OG DELE
62. Facebook legg òg til rette for at du skal kunne gi tilbakemeldingar og dele bilete vidare, kommentarar, artiklar og andre ting som venene dine, selskap, kommersielle aktørar og andre har lagt ut på Facebook.
63. Funksjonane for dette finn du under, eller i somme tilfelle ved sidan av biletet, kommentaren eller artikkelen. Dei heiter "Lik dette", "Kommenter" og "Del", og har symbol som er lette å kjenne att. Du kan velje å bruke ein eller fleire av desse funksjonane når du ser noko du har lyst til å reagere på slik at andre brukarar ser det.
64. "Lik dette"-funksjonen er ein rask måte å gi tilbakemelding til avsendaren på. Symbolet er ei hand med tommelen opp.
65. Bruker du ei datamaskin held du musepeikaren din over "Lik dette" knappen, då dukkar det opp ulike ikon. På nettbrett og smarttelefon set du fingeren din på likar og trykkjer til du ser ikona.

Manus KOM I GANG MED FACEBOOK

Så peikar eller klikkar du på det symbolet som uttrykkjer den reaksjonen du ønskjer å vise at du har til det som har blitt delt. Du kan velje mellom "tommel opp", "hjarte", "latter", "overrasking/sjokk", "trist" eller "forarga/sint/provosert".

Det vanlegaste for mange er å bruke tommelen opp. Å bruke desse ikona heiter å "like" [/laike/] biletet, artikkelen eller kommentaren.

66. Det går òg an å skrive eigne kommentarar til bilete, innlegg og anna som blir lagt ut på Facebook.

For å kommentere trykkjer du anten på knappen der det står "Kommenter", eller...

67. ... så trykkjer du i feltet der det står "Skriv ein kommentar".

68. Skriv kommentaren din. Bruker du ei stasjonær datamaskin eller ein laptop trykkjer du på enter for å avslutte kommentaren og publisere han. Då dukkar han opp under biletet eller innlegget du har valt å kommentere.

69. Bruker du nettbrett eller smarttelefon trykkjer du på ikonet som ser ut som ei pil eller eit lite papirfly for å publisere (dette symbolet er det same som blir brukt når ein chattar).

70. Du kan òg velje å dele eit bilete eller innlegg som andre har publisert. For å gjere dette trykkjer du på "Del"-knappen.

71. Då dukkar det opp tre alternativ. Vi skal no gå igjennom alle.

72. Vel du alternativet "Del no (Vener)" dukkar biletet eller innlegget opp på Facebook-tidslina di slik at venene dine kan sjå det der.

73. Trykkjer du på alternativ to "Del..." dukkar det opp eit nytt vindauge.

74. Her får du høvet til å skrive noko i feltet "Sei noko om dette ...".
75. Dersom du så trykkjer på "Publiser"-knappen, hamnar innlegget og kommentaren du har skrive inn på Facebook-tidslina di.
76. Ønskjer du å leggje ut biletet eller innlegget på ei anna side enn di eiga kan du gjere det ved å trykkje på nedtrekksmenyen øvst i vindauget der det no står "Del på di eiga tidsline". Då får du opp fleire delingsalternativ.
77. Du kan velje å dele på tidslina (veggen) til ein ven, i ei gruppe eller i eit arrangement. Trykk på alternativet du ønskjer. I dette dømet vel vi å dele på tidslina til ein ven.
78. Vindauget som dukkar opp ser nesten likt ut, uansett kva for alternativ du vel. Først blir du beden om å skrive inn namnet på venen, gruppa eller arrangementet du ønskjer å dele med. Skriv det inn i feltet for namn. Du kan skrive inn fleire namn om du ønskjer.
79. Her kan du òg velje å skrive ein liten beskjed eller kommentar før du deler.
80. Når du har lagt inn alle mottakarane du ønskjer og eventuelt skrive ein kommentar, kan du trykkje på "Publiser".
81. Det siste alternativet du kan velje, er "Send som melding". Trykkjer du på dette dukkar det opp eit vindauge som liknar det som kjem når du vil dele på ei tidsline, gruppe eller liknande. Når du trykkjer "Publiser" dukkar meldinga, innlegget eller biletet opp i eit chat-vindauge (akkurat som i ein vanleg chat). Innhaldet blir berre vist for den eller dei personane du vel å dele med. Her kan dei sende deg attendemeldingar på det du har delt og de kan halde fram med samtalen som ein vanleg chat.

82. BLI BETRE KJEND MED MENYLINA

83. Menylina til Facebook er lina som er øvst på skjermen. Ho er blå når du bruker Facebook på datamaskina, men kan sjå litt annleis ut når du bruker Facebook-appen på nettbrett eller smarttelefon.

84. Somme stader er menyen delt slik at du ser nokre av funksjonane øvst og andre nedst i biletet. Dei fleste og viktigaste funksjonane er tilgjengelege uavhengig av om du nyttar nettlesar eller app, sjølv om ein har litt færre valmoglegheiter når ein bruker appen.

85. Søkjefeltet kjenner vi frå tidlegare, det er her du søker etter vener, grupper, arrangement osv.

86. Til høgre på menylina som dukkar opp hos datamaskin-brukarar finn vi tre menyval. Vi skal sjå nærare på desse og sjå kvar vi finn dei i appen også.

87. Det første menyvalet viser profilbiletet og namnet ditt. Trykkjer du på dette kjem du med ein gong til veggen/tidslina di.

88. For å finne dette menyvalet i appen trykkjer du på meny-symbolet (tre horisontale liner). Då dukkar det opp ei lang liste som viser mykje av det som heile tida ligg synleg når ein bruker Facebook via ein nettlesar, men som er fjerna for å lage betre plass når ein bruker appen på smarttelefonar og nettbrett.

89. Då dukkar det opp ei lang liste som viser mykje av det som heile tida ligg synleg når ein bruker Facebook via ein nettlesar, men som er fjerna for å lage betre plass når ein bruker appen på smarttelefonar og nettbrett.

Manus KOM I GANG MED FACEBOOK

90. Øvst i menylinja ser du profilbiletet og namnet ditt. Trykk på det for å gå til tidslina di.

91. Tilbake til nettlesaren.

Trykkjer du der det står "Heim", kjem du til nyheitsoversikta. Det er den same som dukkar opp når du går inn på Facebook. Oversikta endrar seg heile tida for å vise deg kva venene dine, foreiningar og organisasjonar deler og kommenterer, publiserer av nyheiter o.l.

I appen blir denne funksjonen vist med eit ikon. Eit bilete av ein liten skjerm. Trykkjer du på denne kjem du til nyheitsoversikta.

92. Funksjonen "Finn vener" er berre tilgjengeleg i nettlesaren. Trykkjer du på denne får du opp ei liste over brukarar Facebook trur du kanskje kjenner. Om du ønskjer det, kan du leggje til folk frå denne lista som dine Facebook-vener. Du er ikkje nøydd til å bruke denne funksjonen, å søkje opp vener i søkjefeltet for så å leggje desse til fungererer like godt. "Finn vener"-funksjonen får du ikkje opp i Facebook-appen; her må du søkje manuelt.

93. Dei neste tre menyvala vi skal sjå på er: "Veneførespurnader", "Meldingar" og "Varsel".

94. Desse funksjonane er berre markerte med ikon. Når du nyttar nettlesar ligg dei ved sidan av kvarandre på menylinja og er mørkeblå i fargen. I appen er ikona dei same, men om dei ligg øvst eller nedst i biletet kjem an på om du bruker smarttelefon eller nettbrett.

Særskilt for desse tre er at det dukkar opp eit lite tal i ein raud firkant ved sidan av ikonet kvar gong det har skjedd noko nytt i kategorien – ofte kjem det òg ein lyd akkurat som når du får ei tekstmelding på telefonen din.

95. Den første kategorien vi skal sjå på heiter "Veneførespurnader". Når nokon spør om å få vere ven med deg, eller ein veneførespurnad du har sendt til nokon annan er godteken,

Manus KOM I GANG MED FACEBOOK

dukkar det opp eit tal i ein raud firkant her.

96. Når nokon spør om å få vere ven med deg, eller ein veneførespurnad du har sendt til nokon annan er godteken, dukkar det opp eit tal i ein raud firkant her. Trykkjer du på ikonet dukkar det opp ei liste som viser deg kva som har skjedd, der du kan godta eller avslå veneførespurnaden.
97. Den neste kategorien er "Meldingar".
98. Også her dukkar det opp ein raud firkant med eit tal i dersom det har skjedd noko sidan sist.
99. Trykkjer du på ikonet får du opp ei liste over dei samtalanane du har hatt, dei nyaste øvst. Trykk på ein av samtalanane i lista for å halde fram med den. Då opnar han seg i eit chattevindaage.
100. Det siste ikonet er "Varsel". Her blir det rapportert andre typar ting som skjer på Facebook og som vedkjem deg. Det kan vere snakk om ein invitasjon til å bli med på eit arrangement eller i ei gruppe, beskjed om at nokon har lagt ut eller kommentert eller likt noko på tidslina di, eller beskjed om at nokon du kjenner har gebursdag og mange fleire andre ting.
101. Akkurat som med de andre to kategoriane dukkar det opp eit tal i ein raud firkant når det er nye varsel til deg.
102. Trykk på ikonet for å sjå ei liste over det som har skjedd. Trykkjer du på eit av punkta i lista, blir du sendt vidare til den sida det har skjedd noko på.

Manus KOM I GANG MED FACEBOOK

103. Det siste ikonet på menylinja er ei pil når du bruker Facebook via nettlesar og eit symbol med tre strekar i appen.
104. Trykkjer du på denne får du opp ei lang liste over andre aktivitetar du kan gjere på Facebook. Her er det mange moglegheiter som du kan utforske når du har blitt ein meir erfaren brukar, men dei einaste menyvala vi skal snakke om på dette kurset, er dei som heiter "Hjelp" og "Logg ut".
105. Eit stykke ned på lista finn du menyvalet "Hjelp". Trykkjer du på dette kjem du til Facebook sin hjelpesentral der du kan lære meir om alle funksjonar, tenester, innstillingar og rapporteringsmoglegheiter som tenesta tilbyr. Det kan vere ein lur stad å starte dersom du møter på problemstillingar og situasjonar der du blir usikker.
106. LOGG PÅ OG AV
107. Eit stykke ned på lista dukkar menyvalet "Logg ut" opp. Dei som bruker app på smarttelefon eller nettbrett, må scrolle/rulle seg heilt ned på lista.

Trykkjer du på dette valet loggar du ut av Facebook og kjem ikkje til å få meldingar og varsel før du loggar på att. Bruker du ei datamaskin, eit nettbrett eller ein smarttelefon der du stort sett er den einaste brukaren, er det ikkje vanleg å logge av Facebook. Dei fleste synest det er lett vint å få melding på skjermen med ein gong det skjer noko viktig, og sleppe å logge på att for å oppdatere seg. Dersom du bruker ei datamaskin, eit nettbrett eller ein telefon som også blir brukt av mange andre, er det viktig at du hugsar å logge av slik at ingen kan gå inn på Facebook-kontoen din og gi seg ut for å vere deg, skifte passord eller liknande. Dette er særleg viktig dersom du bruker ei datamaskin som høyrer til på eit bibliotek eller ein annan offentleg stad.

Manus KOM I GANG MED FACEBOOK

Trykk "Logg ut" for å logge ut.

108. Når de er logga ut dukkar desse bileta opp på skjermene dykkar. De hugsar dei sikkert frå når vi oppretta profilar tidlegare.

109. Ønskjer du å logge på att må du i nettlesaren skrive inn e-postadressa eller mobilnummeret ditt og passordet før du trykkjer på "Logg inn"-knappen øvst på sida.

Bruker du appen trykkjer du berre på namnet eller biletet ditt midt på skjermen.

110. Dersom det ikkje er ditt bilete eller namn som står oppført, må du trykkje på "Logg inn på ein annan konto" og fylle inn informasjonen din akkurat som dei som bruker nettlesaren.

Når de har gjort dette, er de inne på Facebook att!

111. FERDIG